



Kommunereform Firda kommune

Prosjektgruppa

Dykkar referanse:

Sakshandsamar:

Øystein Høyvik
Tlf. 57612650

Vår referanse:

15/399-18-ØH-002

Dato:

27.10.2015

Kommunereform Firda kommune, referat frå møte i prosjektgruppa 23.10.15

Tidspunkt : Fredag 23.10.15 kl 11.00 – 12.00

Stad : Scandic Sunnfjord Hotel og Spa

Til stades frå prosjektgruppa:

Øyvind Bang-Olsen, Børge Tvedt, Elin Kjøsnes Enebakk, Erik Askeland, Geir Liavåg Strand, Håkon Loftheim, Ola Hovland, Ole John Østenstad, Per Arne Tveit, Wenche Kvalvik, Marit Solheim, Helge Følid, Torill Anita Segtnan, Trond Ueland og Øystein Høyvik

Fråfall prosjektgruppa:

Bente Nesse, Terje Heggheim og Stian Jakobsen

Andre til stades:

Rolf Sanne-Gundersen.

Utsendt dagsorden

1. Gjennomgang og godkjenning av referat frå møte 18.09.15
2. Gjennomgang av framdriftsplanen v/ Øystein Høyvik
3. Informasjonsarbeid/-strategi (Rolf Sanne-Gundersen blir med i høve dette pkt)
 - a. Evaluere arbeidet som er gjort
 - b. Meir som må gjerast
 - c. Behov for beredskap?
4. Prosjektøkonomi v/ Øystein Høyvik (rekneskap mv blir lagt fram i møtet)
5. Nye alternativ – korleis skal prosjektet forholde seg?
6. Intensjonsavtalane – noko som må følgjast opp før 01.07.15?
7. Folkemøte veke 46 – drøfte innhald
8. Behov for nytt møte i prosjektgruppa før felles formannskapsmøte 06.11.15?
9. Eventuelt

Gjennomgang og godkjenning av referat frå møte 18.09.15

- Godkjent

Gjennomgang av framdrifts- og møteplan

- Ingen endringar med unntak av om ein vil foreslå overfor styringsgruppa å utvida møteråma for felles formannskapsmøte 6. november 2015 med 30 minutt til kl 08.30 – 15.00.

Informasjonsarbeid/-strategi

- Rolf Sanne-Gundersen informerte om gjennomført arbeid som har hatt som mål å skape merksemd, interesse og debatt blant innbyggjarane og i media
- Prosjektgruppa vurderer at ein har hatt god måloppnåing
- Fram til nyttår vil ein ha fokus på
 - Folkemøta: Kvar enkelt kommune ansvarleg for å skape interesse for folkemøta.
 - Rådgjevande folkerøysting: Prosjektsekretariatet må vurdere om det er aktuelt å få utarbeidd informasjon om dilemma og moglegheiter mv for ei evt rådgjevande folkerøysting
- Samarbeidet med Tydeleg v/ Rolf Sanne-Gundersen blir avslutta.

Prosjektøkonomi

- Kostnader pr 23.10.15 er i samsvar med vedteken prosjektplan
- Kostnader pr 23.10.15 knytt til innbyggjarhøyring:
 - Kostnader innbyggjarundersøking: 468 000 eks mva
 - Kostnader informasjonsarbeid: 93 000 eks mva
 - Kostnader «Puslespelet»: 271 000 eksv mva
- Kvar enkelt kommune må vurdere å legge inn kostnader knytt til rådgjevande folkerøysting i kommunen sitt budsjett for 2016
- Gjennom kopi av referat frå møte 23.10.15 ber prosjektgruppa om at Fylkesmannen i Sogn og Fjordane utbetalar tilskot til innbyggjarhøyring til fellesprosjektet v/ Førde kommune (kr 100 000 x 10 = kr 1 mill)

Nye alternativ – korleis skal prosjektet forhalde seg?

- Prosjektet skal, inntil anna evt blir bestemt, kun forhalde seg til dei fire framforhandla intensjonsavtalane
- Forslaga som er kome opp den siste tida vil etter prosjektgruppa si vurdering ikkje krevje omfattande utgreiingar og reforhandlingar

Intensjonsavtalane – noko må som må følgjast opp før 01.07.15?

- Avtalepunkt om «økonomi»

Denne delen av avtalen gjeld frå 1.1. 2016 til Fellesnemnda er etablert. Vi er samde om å vise varsemd og berre gjennomføre tiltak som er i samsvar med kommunane si økonomiske bereevne. Vi skal:

 - a) orientere kvarandre gjennom styringsgruppa om investeringar slik dei ligg i vedteken budsjett- og økonomiplan*
 - b) peike ut dei viktigaste tiltaka slik at dei andre kommunane får innsyn i dei*
 - c) ikkje selje verdiar som t.d. kraftaksjar utan etter drøfting med dei andre*

Den enkelte kommune ansvarleg for å følgje opp dette punktet
- Avtalepunkt om «samordning av planverk»

Vi skal orientere kvarandre om kommuneplanen sin arealdel og samfunnsdel. Kvar kommune skal peike ut sine viktigaste tiltak, slik at dei andre kommunane får innsyn i dei innan 01.01.2016.

Vi er samde om at alle juridisk bindande planar vert overført til den nye kommunen og gjort gjeldande. Planane vert samla og gjennomgått i tida fram til den nye kommunen er formelt skipa.

Kvar enkelt kommune har ansvar for å følgje opp dette punktet, men fristen blir utsett til 01.03.15.

Folkemøte veke 46

- Prosjektsekretariatet utarbeidar felles presentasjonsmal som den enkelte kommune tilpassar til eige behov – og som blir sendt rådmennene innan torsdag 5. november 2015
- Den enkelte kommune vurderer sjølv korleis møta blir organisert mv
- Den enkelte kommune må vere aktiv i høve mobilisering av innbyggjarane
- Kommunane blir særskilt oppmoda om å engasjere ungdom – gjerne gjennom eigne folkemøte

Behov for nytt prosjektgruppemøte før felles formannskapsmøte 06.11.15?

- Ikkje behov.

Eventuelt

- Wenche Kvalvik informerer om at ho har gjennom Fagforbundet og FO orientert LO sine medlemmar i kommunane. Kvalvik oppmodar dei andre hovudsamanslutningane til å gjere det same.

Med helsing

Øystein Høyvik
leiar

Dette brevet er elektronisk godkjent av Førde kommune om det ikkje er signert.

Kopi til:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane v/ Kåre Træen
Samarbeidande kommunar
Styringsgruppa
Tydeleg v/ Rolf Sanne-Gundersen